



Til Stortingsrepresentantane i Vestland

13.09.22

Straumkostnadane for idretten- kan få store negative konsekvensar for aktivitetstilbodet

Vestland idrettskrets har i det siste motteke bekymringsmeldingar frå idrettslag som eig og driv idrettsanlegg som er arena for mykje aktivitet for barn og unge i heile Vestland. Idrettslaga melder om utfordringar kring den store auken i driftskostander på straum, der einaste løysinga for mange på sikt kan vere å stenge idrettsanlegg. Dette vil få store konsekvensar for barn og unge sitt fritidstilbod. Mange anleggseigarar har alt gjort det dei kan for å spare straumkostnader ved å t.d senke inne-temperaturane på innandørsanlegga. Trass i dette opplever mange at dette ikkje er tilstrekkeleg for å klare dei økonomiske forpliktelsane ein har som anleggseigar når straumrekninga forfell til betaling.

Neste steg vil kunne vere å måtte auke brukarbetalinga betydeleg for barn og unge, noko som lett set barn i familiar med økonomiske utfordringar utanfor. Færre i aktivitet vil i liten grad påveke driftskostnader til oppvarming så lenge anlegga held ope, i og med ein må ha nødvendig oppvarming likevel. Difor blir nedstenging av aktivitetsflater einaste mogelegheit for å kutte kostnadane, noko fleire idrettslag/anleggseigarar no dessverre ser seg nøydde til å vurdere.

Den gjeldande straumstøtteordninga er sjølv sagt eit viktig bidrag for å hjelpe med å redusere kostnadane for idrettslaga. Samstundes får vi mange tilbakemeldingar på at ordninga ikkje er god nok. Fleire anleggseigarar opplever ein vanskeleg situasjon likviditetsmessig i og med det går lang tid frå kostnadane er påløpt og må betalast til straumstøtta vert utbetalt. Det opplevast også som ei ekstra byrde når anlegg og aktivitet drifta av frivillege organisasjonar med hovedmålgruppe barn og unge, betaler alle avgifter til staten på straumkostnader i den ekstraordinære situasjonen ein opplever no.

Vi går inn i ei tid på året der det blir lågare temperaturar ute med større behov for oppvarming på innandørsanlegga. Samstundes krev uteaktivitetane lys og i enkelte tilfelle undervarme noko som også medfører auka kostander for anleggseigarar/idrettslag for å halde aktiviteten i gang.

Vinteridrettane startar opp sine aktivitetar der ein har store straumkostnader med lys, evt snøproduksjon og ikkje minst auka drivstoffkostnader. Idretten eig og drifrar mange vinteranlegg som vert nytta av heile befolkninga uavhengig av tilknytning til idretten. Frivillegheita legg ned ein enorm dugnadsinnsats for å legge til rette for vinteraktivitet for alle. Det skjer både i form av oppkøyrde tur/langrennsløyper og preparerte alpinanlegg. Med dei auka straumkostnadane i tillegg til dei høge drivstoffprisane får anlegga for vinteridrett endå større negative effektar av auka kostnader enn andre anleggstypar.

Vestland idrettskrets ber difor stortingspolitikarane i Vestland om å bidra til at det vert gjort nødvendige endringar slik at ein får på plass gode ordningar som sikrar at ein kan oppretthalde normal drift i anlegga. Idretten har vore tålmodige medan ein har fått på plass eksisterande ordningar.

Vi opplever no at mange anleggseigarar gjev utrykk for at dei ikkje lenger klarar å oppretthalde normal drift og gje eit tilbod som alle barn og unge kan nytte seg av innanfor dei økonomiske rammene mange familiar har.

I den anledning ber vi om at ein set inn nødvendige tiltak på ulike område. Tiltak som vil avhjelpe situasjonen er:

- Betre straumstøtteordning mht økonomi/kompensasjon.
- Reduksjon av statlege avgifter på straum for anlegg eigd av frivillege organisasjonar.
- Månadleg utbetaling av straumstøtte for å betre likviditeten for idrettslag/anleggseigarar.
- Vurdere kompensasjon for auka drivstoffkostnader idrettslagseigde vintersportsanlegg eigd og drifta av frivillege organisasjonar.

Dersom mottakarane av denne henvendelsen ønskjer kontakt med Vestland idrettskrets i desse viktige spørsmåla kan ein kontakte styreleiar Nils R. Sandal på mobil 915 52219.

Med vennleg helsing
Vestland idrettskrets
Nils R. Sandal (s)
-styreleiar